Statsbudsjettet for 2027 – Sabima sitt innspel til Kommunal- og forvaltningskomiteen oktober 2026

Skriftleg innspel

2752 artar står i stor fare for å forsvinne frå norsk natur i løpet av nær framtid og definert som trua eller sterkt trua på den norske raudlista. 9 av 10 av desse trua artane er trua av arealendringar. Naturkrisa er ein reelt problem også i Noreg, me bygg ned naturen vår bit for bit og er faktisk europameistrar i nedbygging av natur per innbyggar. Mykje av det ein bygg ned er også definert som «viktig natur» (som definert i T-2/16) – i strid med nasjonale forventningar til kommunal planlegging, statlege planretningslinjer og naturmeldinga. NRK si kartlegging i Norge i rødt, hvitt og grått viste at det blir bygd ned 79 kvadratmeter med natur i minuttet i Noreg.

Og det ser ikkje lysare ut viss ein ser på kva som er planlagt. Våren 2026 kom Norkart med ein rapport på oppdrag frå DNT som visar at det er sett av 5 560 km^2, tilsvarande rundt 1,7 % av Norges fastlandsareal, til utbygging i Noreg. Dette betyr at me har vedtekne planar om å bygge ned dobbelt så mykje natur som me allereie har bygd ned i Noreg. 2559 av desse kvadratkilometrane er sett av til fritidsbustader, bustader og næring i kommunale planar. Mange av områda overlappar med viktige naturverdiar som myr, naturskog, villreinområde og inngrepsfri natur. Den største delen med arealreserve er avsett til fritidsbustader.

Kommunane sine utfordringar i arealplanlegginga

For at Noreg skal nå våre klimamål, stanse tapet av naturmangfald og innfri naturavtalen må det skje ei endring i korleis me forvaltar areala våre. Her er kommunane heilt sentrale, då dei er arealmynde i dei fleste utbyggingssaker. Men, dette er eit stort ansvar som mange kommunar slit med å følgje godt nok opp, ofte grunna ressurs- og kapasitetsmangel på areal- og naturforvaltning. Riksrevisjonen slo i vår fast at kommunar ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om naturen før dei gjer vedtak i arealbrukssaker, og naturen blir bygd ned utan at me veit kva konsekvensane blir. I 2023 kom Generalistkommuneutvalet med ei nedslåande oppsummering av korleis kommunane følg opp lovverk knytt til naturmangfald, og skriv blant anna : "*Mange kommuner har eldre planer, spesielt arealplaner. Det er også dokumentert at det er svært få kommuner som oppfyller kravene til konsekvensutredninger, blant annet å utrede planalternativer. Det er også få konsekvensutredninger som inneholder klima- og miljø- temaer. Undersøkelser viser at mange kommuner har utfordringer med tilgang til relevant plankompetanse og nødvendig kapasitet, og også at små kommuner ikke i like stor grad er i stand til å bruke planverktøyene som strategiske politiske instrumenter." (side 109)*.
www.regjeringen.no/contentassets/5a25f42bd97345c29593c03a515738d2/no/pdfs/nou202320230009000dddpdfs.pdf

I rapporten «Størrelsen teller» (Menon Economics, 2023) kjem det fram at særleg mellomstore kommunar gir etter for utbyggingspress, då dei har stort press frå næringsliv/utbyggarar utan å ha ressursar og kompetanse til å følge det godt nok opp.

Regionale planteam som støtte til ei naturvenleg arealforvaltning

Kommunane treng altså hjelp til å føre ei arealforvaltning som tar vare på naturmangfaldet vårt og følg føringar og regelverk sett av Stortinget, noko også Riksrevisjonen anbefalar at KDD må gjere: «*Vi anbefaler at Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet styrker arbeidet med å veilede kommunene slik at de får nødvendig kompetanse på å ivareta natur og klima i arealforvaltningen*.»

Derfor har Sabima jobba lenge for at det skal testast «regionale planteam», som anbefalt i Naturmeldinga, som kan «*tilby fagkompetanse til kommunene med vekt på natur, klima, miljø, jordvern og andre temaer i planleggingen*». Derfor er det særs gode nyheiter at KDD har følgt opp dette i budsjettforslaget: I kapittel 590, post 62, så er det sett av 20 millionar «**For å hjelpe kommunane med planprosessar foreslår regjeringa å etablere oppgåveavlastande team med plankompetanse hos fylkeskommunen i dei tre nordlegaste fylka.**» Men det er likevel litt urovekkande at hovudbeskrivinga i budsjettforslaget går på å «legge til rette for prosjekt av stor samfunnsmessig betydning». Nord-Noreg har nemleg ikkje berre mykje utvikling og aktivitet som skjer på område som forsvar, kraft og større næringsutbygging – Nord-Noreg har veldig mykje verdifulle og sårbare økosystem, stort og unikt artsmangfald, i tillegg til mesteparten av Noregs gjenverande villmark. Det er derfor særs viktig at regjeringa ikkje går seg vill i iveren etter å tilrettelegge for utbygging og gløymer anbefalinga i naturmeldinga om å ha hovudvekt på «*natur, klima, miljø, jordvern*», men klarar å legge til rette for samfunnsutvikling som ikkje går på bekostning av det unike og sårare naturmangfaldet. Sabima meiner at dette bør presiserast ytterlegare, og at hovudmålet ikkje bør vere å tilrettelegge for større utbyggingar, men å ta vare på naturmangfaldet slik at me kan nå måla sett i naturavtalen.

Regjeringa sitt fokus på effektive arealprosessar må ikkje gå utover naturmangfaldet

KDD brukar mykje plass i budsjettforslaget til å beskrive behovet for betre og meir effektive arealprosessar. Samtidig har det i det siste året vore mykje debatt om Statsforvaltaren si rolle og grad av innblanding i kommunalt sjølvstyre, blant anna i denne komiteen. Regjeringa har også eit pågåande motsegnsprosjekt, der dei blant anna ser på grunnlag for å heve terskelen for motsegn. Sabima støttar intensjonen om betre og meir effektive arealprosessar, og den mest effektive måten å ungå meirarbeid og ekstra runder og motsegn hjå Statsforvaltar er å sikre at kommunane følg nasjonale lovar, reglar, føringar og retningslinjer i saksbehandlinga, slik at Statsforvaltar ikkje treng å gripe inn.

Statsforvaltaren har ei viktig rolle i å kontrollere at kommunane har riktig saksbehandling, samtidig kan dei også sjå naturinngrep i ei større samanheng utover kommungrenser. Dette bidreg til rettstryggleik for både natur og menneske. Mange motsegn på kommunale planar og byggesakar kjem ofte grunna konfliktinteresser, der kommunale planar og vedtak ofte er i strid med nasjonale målsettingar, retningsinjer eller lovverk. Å heve terskelen for motsegn er ein skummel veg å gå, då dette kan føre til at naturen i mange tilfelle blir taparen. I sakar der det ofte står sterke økonomiske interesser bak ei utbygging er det viktig med ein statsforvaltar som står på krava for å ivareta naturverdiar, og det er derfor viktigare å styrke statsforvaltaren sin kapasitet slik at dei kan rettleie kommunane tidlegare i prosessen for å få ei eir heilskapleg arealforvaltning som ikkje går utover naturmangfaldet. Mykje av problemet i dag er at Statsforvaltaren har for dårleg kapasitet som gjer at dei har lang saksbehandlingstid og kjem for seint inn i prosessen.

Derfor er det bra at det i dette budsjettet blir løyva meir midlar til Statsforvaltaren for å styrke kapasiteten deira. Samstundes er det viktig at prosessane regjeringa har sett i verk med å effektivisere og forenkle plan- og byggeprosessar ikkje fører til at rettsvernet til naturmangfaldet blir svekka, og at både kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltar får nok ressursar og rettleiing til å føre ei arealforvaltning som varetar måla om å ta vare på naturverdiane våre og stanse tapet av naturmangfald.